

# Serviceerklæring Ulvik herad

## **PRAKTISK BISTAND / HEIMEHJELP**

### **Heimelsgrunnlag**

Helse og omsorgslova § 3-2 pkt 6-b, jfr. § 3-1, Pasient og brukarrettigheitslov § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene, Forskrift om verdig eldreomsorg og reglar knytt til Forvaltningslova.

### **Føremål med tenesta**

- Praktisk bistand/heimehjelp har som mål å yta tenester etter prinsippet om hjelp-til sjølvhjelp og er knytt til personar med behov for hjelp til praktiske gjeremål i heimen.
- Lova omfattar også personretta praktisk hjelp (hjelp til eigenomsorg og personleg stell)

### **Kven kan få tenesta**

- Innbyggjarar i Ulvik herad som har eit hjelpebehov gunna sjukdom, høg alder og/eller funksjonshemming.
- Heimehjelpa skal sikra brukar praktisk hjelp ut i frå brukar sitt behov og leggja til rette for at eldre, funksjonshemma og andre grupper med særlege hjelpebehov skal kunne bu i eigen heim

### **Innhaldet i tenesta**

- Vanleg reinhald i rom som er i dagleg bruk av hjelpemottakar
- Dersom brukar har stort husvære med 2 bad/2 stover o.l. – må brukar prioritera 1 av dei
- Dersom brukar av og til ynskjer utført andre oppgåver må dette avtalast med heimehjelp og takast av tildelt tid
- Heimehjelpsteneste vert ikkje gitt i helger/høgtider

### **Tenester som fell utanfor heradet sitt ansvar**

- Stryking, baking, pussing av sølvtøy og messing
- Stor-reingjering av tak og veggjar, boning av golv, ta ut store og tunge teppe, innvendig vask av skap, o.l.
- Huslege oppgåver i samband med gjester og vaksne heimebuande barn/barnebarn
- Utvendig vask av vindauger som er forbunde med risiko
- Hagearbeid: stell av blomebed, plenklypping, o.l.
- Hjelp til husdyrhald
- Hjelp til flytting

### **Kva du kan forventast av oss som tilsette**

- Du skal verta møtt på ein høfleg og respektfull måte
- At tilsette held teieplikta
- Me ynskjer å skapa eit samarbeid med deg basert på tillit
- At du får hjelp med dei oppgåvene som skal løysast
- Du skal få hjelp som er tidfesta med dag og klokkeslett –føremiddag/ettermiddag
- Du vil verta informert dersom tidspunkt for hjelp vert svært forseinka eller ikkje kjem grunna sjukdom

-Informasjon, råd og rettleiing om dine rettar i høve lovverk

## **Kva forventar me av deg som brukar**

- At du har utstyr i heimen slik at heimehjelpar kan få utført arbeidet sitt på ein effektiv måte og som gir minst mogeleg helseplager ; t.d. støvsugar i god stand, løvang/mopp, klutar, miljøvenleg reingjeringsmiddel, vaskemaskin,
- Du må vera innstilt på å ommøblera/flytta ut møblar ved overmøblering
- At du er til stades i heimen når heimehjelp kjem – og gir melding seinast 3 dg før dersom tidspunktet ikkje passar. Du kan då ikkje rekna med å få hjelp den veka.
- At du gir beskjed dersom behovet for hjelp endrar seg- anten du treng meir eller mindre hjelp eller opplever at du ikkje treng hjelp lenger.
- Dersom du røyker – ber me om at du viser omsyn til at personalet skal ha eit røykfritt arbeidsmiljø og god utlufting før personalet kjem
- At du er positiv til å ta i mot vikarar/lærlingar
- At du kan ta i mot 2 heimehjelpar til å utføra arbeidsoppgåver hjå deg
- Hundar skal stå i band eller opphalda seg utanfor det området der personalet skal arbeida

## **Praktiske opplysningar**

- Heimehjelpstenesta vert organisert frå Ulvik omsorgstun; 56527080
- Det er eigenbetaling for heimehjelpstenesta/praktisk hjelp i heimen – jfr. betalingssatsar vedtekne av heradstyre og som er basert på husstanden si inntekt.

## **Saksgang ved søknad om heimehjelp:**

- Det må føreliggja signert eigensøknad frå brukar/pårørande.
- Repr. frå helse og omsorgsavdelinga føretekk vurderingsbesøk i etterkant av søknad etter avtale
- Tildeling og omfang av hjelpebehovet vert vurdert ut i frå søkjar sitt funksjonsnivå og hjelpebehov. Kartleggjingsskjema vert fylt ut saman med brukar.
- Vedtak / evt. førebels svar skal føreliggja innan 3 veker etter skriftleg søknad

## **Klage på vedtak:**

- Finn du grunn til å klaga på vedtaket – må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar og oppgi kva du ynskjer annleis
- Klagefristen er 4 veker frå du mottek vedtaket og klagen skal sendast avd. pleie og omsorg
- Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak.

Tlf. Ulvik omsorgstun: 56 52 70 80

Ansvarleg for tenesta: Avdelingsleiar omsorg

Ansvarleg for dagleg drift av tenesta: Heimehjelpsformidlar

Adresse: Avd.helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyini 30, 5730 Ulvik